



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 216	16/1486

KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - ARBEIDSMØTE

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Kontrollutvalet - Sak 06/2017

KONT - Behandling:

Møtet blei lukka jf. Koml §31-3

Kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i møte 14.11.16 sak 80/16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse i høve revisjonstenester for Vaksdal kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument
- Knytta til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»

Kontrollutvalet vedtok i KU-møtet 13.10.2016 i sak 25/16 å bestille kjøp av gjennomføring av anbudskonkurranse av revisjonstenester av Hordaland Fylkeskommune.

Anbudsfristen gjekk ut 11.01.2017 kl. 12.00. Sekretariatet (HFK) hadde gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. Innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune er brukt som rådgjevarar.

Evalueringa av tilboda blei presentert i møtet. BDO, KPMG, Deloitte, IHR og Nordhordland Revisjon

hadde levert tilbud.

Kontrollutvalet var nøgd med gjennomgangen, og hadde inntrykk av at det hadde vore ein god og grundig evaluering.

Vedtak i saka vil bli foretatt i neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering. Neste møtet i kontrollutvalet er 15. mars. Leiar for KU tar kontakt med ordførar og avtaler at saka kan komme opp i kommunestyret i møtet 3. april.

Leiar for KU nevnte at han brukar Deloitte som revisor for eit firma han har, og var usikker på hans habilitet i denne saka. Etter diskusjon i utvalet var alle samd om at han ikkje er inhabil i denne saka.

Møtet blei opna igjen.

KONT - Tilråding/Vedtak:

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune handsama i møte 13.10.2016 sak 25/16 og gjorde då slikt vedtak:

1. *Med atterhald om at kommunestyret vedtek innstilling frå kontrollutvalet i sak «Ekstern revisor ny konkurranse – Fullmakt til kontrollutvalet» i møte 14.11.16, vert framlagt konkurransegrunnlag vedteke.*
2. *Sekretariatet som bistår med konkurransen, får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

Kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i møte 14.11.16 sak 80/16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse i høve revisjonstenester for Vaksdal kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument*
- *Knytta til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»*

Drøfting:

Anbudsfristen gjekk ut 11.01.2017 kl. 12.00. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. Tanken er at vårt forslag til

evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot at innstillinga til kommunestyret skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Konklusjon:

Sidan dette er eit arbeidsmøte vert saka lagt fram utan forslag til vedtak.